



# Jegerprøven

Nynorsk

Eksamensskjema 4 – 2006. Konfidensielt

Nedanfor er det 50 spørsmål som du skal svare på. Alle oppgåvene er samla på dette doble A4-arket, og svara skal leverast på eige svarskjema. **Svarskjemaet må ikkje brettast.**

Det er gitt tre svaralternativ – a, b og c – for kvar oppgåve, og du svarar ved å krysse av i den kvite rubrikken til høyre for svaralternativet på svarskjemaet.

**NB! Bruk blå eller svart penn når du svarer.**

Dersom du har kryssa av feil, skraverer du krysset (sjå forklaringa på svarskjemaet) og set eit nytt kryss i den rette rubrikken.

Du må ha rett svar på minst 40 av dei 50 oppgåvane for å få godkjent prøva.

## Jaktsituasjonar



1. Er det lovleg for denne jegeren å skyte haren?

- Ja.
- Ja, men då må motoren vere i gang.
- Nei.



3. Du er på elgjakt og kan felle ein vaksen okse. Plutseleg står det ein elgokse 70 meter framfor deg. Er det forsvarleg å skyte?

- Ja.
- Nei.
- Ja, men skotet må plasserast i hovudet



2. Du er på villreinjakt og kjem over ein flokk med dyr. Kan du skyte i denne situasjonen?

- Nei.
- Ja.
- Ja, men berre dersom dei står stille.



4. Karane er på harejakt. Haren blir støkt ut. Kven kan skyte?

- Han som står lengst til høgre nærmast.
- Ingen.
- Han som står lengst unna.

# Artskunnskap

Kva artar ser du på bileta?

Teikningane viser draktfargen om hausten under jaktperioden.

L = total lengda på dyret



5.

- a. Hjort
- b. Elg
- c. Villrein



6.

- a. Bisamrotte
- b. Bever
- c. Grevling



7.

- a. Raudrev
- b. Fjellrev
- c. Mårhund



8.

- a. Hjort
- b. Villrein
- c. Rådyr



9.

- a. Oter
- b. Mår
- c. Ilder



10.

- a. Stokkand
- b. Siland
- c. Ærfugl



11.

- a. Kvinand
- b. Krikkand
- c. Brunnakke



12.

- a. Jerpe
- b. Lirype
- c. Orrhøne



13.

- a. Kortnebbgås
- b. Kanadagås
- c. Grågås



14.

- a. Heilo
- b. Enkeltbekasin
- c. Rugde

## Viltlova og andre lover

- 15. Kva tyder fredingsprinsippet i viltlova?**
- At alt dyreliv er freda.
  - At alle landpattedyr, fuglar, amfibium og krypdyr og egga deira, reiret deira og buet deira er freda med mindre anna er bestemt
  - At alle pattedyr og fuglar er freda.
- 16. Kan du nytte kunstig lys under jakt?**
- Ja, men berre dersom lyskjelda er lommelykt eller hovudlykt.
  - Nei, med unntak av åtejakt på raudrev når lyskjelda er fast plassert på vegg.
  - Nei.
- 17. Kva er aldersgrensa for å drive sjølvstendig storviltjakt?**
- 18 år.
  - 16 år.
  - 20 år.
- 18. Kven er det som har eineretten til jakt og fangst på privat grunn i Noreg?**
- Grunneigaren.
  - Dei som har jakt og fangst som næring.
  - Alle som bur i kommunen.
- 19. Er gråsporv vilt etter viltlova?**
- Nei.
  - Ja, men berre når han er i skogen.
  - Ja.
- 20. Kva er lovleg ferdsel med våpen i utmark der ein annan har jaktretten?**
- Ferdsel som er nødvendig for å komme til eige jaktterreng.
  - Jakt på rovdyr.
  - Prøveskyting med våpenet.
- 21. Kan ein grunneigar bestemme at det ikkje skal vere lov å jakte med fuglehund på eigedommen hans?**
- Nei.
  - Ja.
  - Ja, men det må godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.
- 22. Kva for viltart har jakttid?**
- Snømus.
  - Hønehauk.
  - Jerpe.
- 23. Må alle som skal jakte i Noreg, betale jegeravgift?**
- Ja.
  - Nei, berre dei som jaktar på statsgrunn.
  - Nei, ikkje dei som jaktar på sin eigen eigedom.

- 24. Kva er avgjerande for kor mange fellingsløyve ein grunneigar/rettshavar får?**
- Storleiken på eigedommen hans.
  - Kor flink han er som jeger.
  - Kor mange dyr han har skote dei siste fem åra.

## Våpen og ammunisjon

- 25. Du skal kjøpe haglpatroner. Kva blir kravd av dokumentasjon for å få kjøpe?**
- Du må vise fram våpenkort, gyldig jegeravgiftskort eller medlemskort i foreining/klubb som har hagskyting som aktivitet.
  - Du må vere 16 år.
  - Du kan kjøpe haglpatroner utan dokumentasjon.
- 26. Kvifor er det viktig at jaktrifla er innskoten med den same ammunisjonstypen som skal nyttast under jakta?**
- Fordi ulike patronetypar ofte gir forskjellig treffbilete.
  - For at jegeren skal bli vand med smellen.
  - For at jegeren skal venje seg til rekylen.
- 27. Kva er den vanlegaste årsaka til vådeskot?**
- Dårleg våpenstell.
  - Slurv med lading og at patronene ikkje blir tekne ut.
  - Patronene blir oppbevarte fuktig og kaldt.
- 28. Korleis skal haglegeværet vere oppbevart når du køyrer til og frå jaktterrenget?**
- Det kan liggje i baksetet.
  - Det skal vere tomt for ammunisjon og nedpakka i våpenkoffert, våpenfutteral, pledd eller liknande.
  - Det er ingen reglar om dette.
- 29. Ein jeger har bestått skyteprøven for villreinjakt. Kan han under jakt bruke kva som helst slags våpen?**
- Ja.
  - Nei, berre det våpenet eller dei våpna jegeren har avlagt skyteprøven med.
  - Ja, men berre våpen som kan brukast til storviltjakt.
- 30. Kva blir definert som ein vital del av våpenet?**
- Magasinet.
  - Forskjeftet eller sluttstykket.
  - Kikkertsiktet.
- 31. Er det lov å bruke hagle til bukkejakt på rådyr etter 25. september?**
- Nei.
  - Ja, men berre ved bruk av slugs.
  - Ja.
- 32. Kva skjer med prosjektilet når avstanden frå rifla aukar?**
- Prosjektilet daler mot bakken.
  - Prosjektilet går oppover i lufta.
  - Prosjektilet ekspanderer når det har komme på 400 m.

**33. Er det tillate å bruke heilmantla prosjektil til rådyrjakt?**

- a. Ja, det er ein fordel, for det øydelegg lite kjøtt.
- b. Nei.
- c. Ja, det er betre presisjon i heilmantla kuler.

**34. Kva del av haglegeværet er viktigast for at du skal treffe godt?**

- a. Løpet.
- b. Sikteskinna.
- c. Kolben.

## Human og sikker utøving av jakt og fangst

**35. Du jaktar hjortevilt med rifle. Kvar skal du plassere skotet?**

- a. I hovudet.
- b. Så langt ned i brystet som mogleg.
- c. Sentralt i hjarte- og lungeregionen.

**36. Når bør du avsikre våpenet under jaktutøving?**

- a. Når du har ladd våpenet.
- b. Når du trur at viltet er i nærleiken.
- c. Når viltet er på skothald og du hever våpenet for å sikte og skyte.

**37. Kvifor er det viktig med sikker bakgrunn når du jaktar med rifle?**

- a. Rifleprosjektilet har lang rekkjevidd, og det er fare for at du kan treffe noko anna enn det du siktar på.
- b. Eit blyspissprosjektil kan ekspandere.
- c. Dersom du treffer tre, kan dei døy.

**38. Er det ein fordel å tynne ut ein elgstamme ved jakt om hausten, slik at konkurransen om vinterføda blir mindre?**

- a. Ja.
- b. Nei, det bør ikkje drivast jakt, for det fører til mindre vilt.
- c. Nei, talet på elg har ikkje noko å seie for vinterføda.

**39. Kvifor bør du ikkje skyte på hjortevilt som spring?**

- a. Faren for skadeskyting er svært stor.
- b. Det kan springe ut av jaktområdet ditt.
- c. Det kan vere vanskeleg å vurdere avstanden.

**40. Korleis skal du behandle eit våpen?**

- a. Det er ingen reglar for det.
- b. Forsiktig, for det kan vere usikra.
- c. Som om det alltid er ladd.

**41. Bør ein jeger trene ofte med våpenet sitt?**

- a. Ja, det er svært viktig.
- b. Nei, det er nok å prøveskyte ein gong i året.
- c. Nei, jakta gir nok trening.

**42. Kva er det påbode å ha tilgang på ved ettersøk av skadde hjortevilt, unnateke villrein?**

- a. Godkjend ettersøkshund.
- b. God lokalkunnskap.
- c. Hjelp frå politiet.

**43. Kva skal ein jeger gjere først dersom eit påskote hjortevilt forlèt skotplassen?**

- a. Nøye merkje skotplassen og si eiga plassering.
- b. Lade om og skyte neste dyr.
- c. Springe etter dyret med ein gong.

**44. Du skal forsere eit høgt gjerde med våpen. Kva gjer du med våpenet?**

- a. Bruker våpenet som stakk.
- b. Ingenting, det er viktig å vere klar til å skyte dersom det kjem vilt.
- c. Tek ut ammunisjonen.

## Jakthundar

**45. Under jakt på kva viltartar er det tillate å bruke laus, på drevet halsande hund?**

- a. Elg, hjort og rådyr.
- b. Gaupe, raudrev, hare, villmink og grevling.
- c. Hjort, rådyr, gaupe, raudrev og hare.

**46. Kan kven som helst fange ein hund som spring laus i ordinær bandtvangstid?**

- a. Ja.
- b. Nei, berre politiet.
- c. Ja, dersom hunden gjer noko gale.

**47. Kan du bruke ein finsk støvar til rådyrjakt?**

- a. Ja.
- b. Ja, dersom han har jaga hare først.
- c. Nei, han har boghøgda over 41 cm.

## Behandling av felt vilt

**48. Kor lenge skal ein hare henge før innvolane blir tekne ut?**

- a. Innvolane blir tekne ut med det same han er skoten.
- b. To til tre dagar.
- c. Minst ei veke.

**49. Er det alltid nødvendig å stikke eit felt hjortevilt?**

- a. Ja, elles surnar kjøttet.
- b. Nei, ikkje dersom blodet har runne ut i brysthola (hjarte-/lungetreff).
- c. Nei, det er aldri nødvendig. Stikking er eit gammalt ritual.

**50. Kva typar vilt er det nødvendig å hengje til modning i 40 døgngader?**

- a. Storvilt, hønsefuglar og hare.
- b. Sjøfuglar som storskarv, toppskarv og havelle.
- c. Selartar som steinkobbe og havert.